


Egil Bakka
telefon 73 59 65 75
egil.bakka@hf.ntnu.no



Trondheim, 14. mai 2008

Det kongelige kultur- og kyrkjedepartement
Postboks 7030 Dep
0030 OSLO

Oppfølging av UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv

Vi viser til brev frå KDD 25.03.2008, dykkar ref 2006/01008 KU/KU2
CHA:mmt

Vedlagt fylgjer Stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans sine innspel.
Svaret vert òg sendt med epost.

Med helsing,
Stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans

Egil Bakka
direktør

NORWEGIAN COUNCIL FOR TRADITIONAL MUSIC AND DANCE

Postadresse: Dragvoll, 7491 Trondheim · Kontor: NTNU Dragvoll, Bygg 2, Nivå 2
Telefon: 73 59 65 77 · Telefaks: 73 59 65 73 · Bankgiro: 8601.48.04767 · Org.nr.: 975 372 677

RÅDET FOR FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS



Rff - sentret · Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Oppfølging av UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv

Svar frå Stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans

Vi vil ta utgangspunktet i noko Departementet understrekar:

Konvensjonen gjeld praktiseringa av kulturarv.

Han gjeld framom alt sikring av kunnskapen som skal til for å praktisera kulturarven.

For vår eigen del vil vi peika på at:

Konvensjonen omfattar eit svært breitt spekter kulturarv. I vårt land er dette spekteret tatt i vare av mange ulike aktørar som samarbeider gjennom fleire svært ulike nettverk.

Høyringssvaret vårt er skriva ut frå vårt nettverk som primært gjeld dans og musikk, men med utsyn mot folkekunstuttrykk generelt.

Ut frå dette ser vi to sentrale mål:

Mål 1. Dei som ber oppe og/eller hjelper fram immateriell kulturarv må få vilkår til å halda fram arbeidet sitt og til å gi kunnskapen sin vidare til nye generasjonar. Dette gjeld både einskildpersonar, lokalmiljø, organisasjonar, prosjekt, institusjonar, utdanningsmiljø og andre typar grupper.

Mål 2. Det norske samfunnet må få ei konkret forståing for kva immateriell kultur kan vera.¹ Vi treng å utvikla eit breitt engasjement for verdiane kulturarven representerer ikkje minst i lokal politikk og administrasjon.

1. På kva måte kan UNESCO-konvensjonen best implementerast i Noreg

Synleggjering konkrete døme

Vi trur at inventeringa, som er første punkt i implementeringa, først og fremst bør brukast til å fremja mål 2 ovanfor. Dei listene inventeringa skaper trur vi først og fremst bør gi berarane og vidareførarane av den immaterielle kulturarven ein stad der dei kan skriva inn og slik synleggjera konkrete døme på kulturarv. Slike lister kan bli kjelder for media, dei kan brukast i forhandlingar med lokale styresmakter som kommunar og fylke og vera oppslagverk for kulturskular, og organisasjonar. Dei kan vera i arbeid, opne, uavslutta og ikkje sikta mot stram systematikk. Slik vil behova og ønskja til brukarane av listene vera med å gi dei forma utan at ein treng nokon stor administrativ eller økonomisk innsats for å laga dei. Rådet for folkemusikk og folkedans har utforma og er i ferd med å setja i drift ei nettside der alle interesserte skal kunna skriva inn immateriell kulturarv i eit breitt felt av dans og musikk.

Oversyn over sektoren og aktørane der

Desse listene vil truleg i liten grad tena dei sentrale styresmaktene sine behov for å få å eit meir systematiske og overordna oversyn over den immaterielle kulturarven. Her treng ein truleg særleg oversyn over dei mest sentrale aktørane på feltet og over deira arbeidsfelt, slik Departementet sjølv har foreslått.² Kan hende ville det vera mest rasjonelt om eit slikt oversyn vart laga gjennom ei utgreiing der representantar frå nokre store aktørar på feltet kunne stilla som referansegruppe.

¹ Vi treng ei forståing for at immateriell kulturarv ikkje berre er smale, marginaliserte uttrykk i "fjerne" bygdemiljø, men også utrykk og kunnskap i den kvardagen som vi alle har del i. Den norske bursdagssongen til Margrete Munthe: "Hurra for deg" er ein slik kvardagsarv med fleire element. Leiken "Jeg gikk meg over sjø og land" er eit anna døme på enkel arv som står i særstilling ved at han har vakse seg så sterkt inn i norsk skikk og bruk. Det skal ikkje ta fokus frå halling og hardingfele, men fornya forståinga.

² Vi viser til innleiinga til direktør Magne Velure på Kultur- og kyrkjedepartementet sitt seminar ??/??/??

Økonomiske vilkår

Skal arbeidet med implementeringa av konvensjonen skyta fart og få resultat, trengst det økonomisk styrking av sentrale aktørar som institusjonar og organisasjonar og støttemidlar ein kan søkja på. Folkemusikk- og folkedanssektoren har lenge vore lova eit stort løft. Vi har fått Riksscena og styrking av festivalane, som er viktig, jamvel for implementeringa av konvensjonen.

Styrkinga av formidlinga frå det profesjonelle feltet, som folkemusikken og til dels folkedansen har utvikla, trur vi kan bli godt tatt i vare gjennom dei nye støtteordningane³. Ordningane tek ikkje vare på det faglege arbeidet i arkiv, ressurscenter, organisasjonar og på individnivå. Det er dette arbeidet som sikrar kompetanseutvikling, utdanning, og opplæring på alle nivå og er botnen i arbeidet med den immaterielle kulturarven. Det er resultatata av slikt arbeid vi no har vore heldige og fått noko midlar til å presentera gjennom td. Rikssena og festivalane.

Då må også løftet til sjølve det faglege grunnlagsarbeidet koma, elles vil botnen falla ut i vår sektor, noko stadig fleire åtvarer mot, sjå mellom anna fleire artiklar i Spelemannsbladet nr. 3 for 2008.

Det faglege grunnlagsarbeidet er kjernen i implementeringa av konvensjonen, og vil, særleg for dansen sin del, falla utanfor dei store, nye støtteordningane som blir skisserte i *Stortingsmelding 21 Samspill*.

2. Korleis bør arbeidet med immateriell kulturarv i Noreg samordnast?

Vi har ovanfor peika på at det breie spekteret av immaterielle kulturarv er tatt i vare av mange ulike aktørar som samarbeider gjennom fleire svært ulike nettverk. Vi trur at etableringa av ei lita referansegruppe for ei enkel utgreiing om heile feltet kunne vera eit tenleg tiltak som start på samordning. Vi trur elles ikkje at noko stor eller tung samordning er tenleg. Vi ser at Rådet for folkemusikk og folkedans og Norsk handverksutvikling representerer kvar sine store og rett ulike nettverk. Eit enkelt og praktisk samarbeid mellom desse to aktørarane, i nær samråd eller samarbeid med Departementet, burde etter vårt syn vera tilstrekkeleg samordning. Dei måtte så kunna presentera breidda i sine nettverk. Om det viser seg at det finst fleire tilsvarande nettverk eller om slike skulle veksa fram, kunne dei inkluderast i eit slikt samarbeid. Vi trur disponible midlar burde gå rett ned til brukarane i eksisterande nettverk, framfor å brukast på nokon form for samordnande administrasjon. Breiare felles konferansar eller fagmøte kunne så vera eit verkemiddel for å få til samverknad på tvers.

3. Med utgangspunkt i den definisjonen UNESCO-konvensjonen gir av immateriell kulturarv, kva kulturytringar må vera med i eit samla oversyn over immateriell kulturarv i Noreg?

Vi trur at dette spørsmålet har svar i to nivå:

- 1) Vi treng oversyn over organisasjonar, institusjonar og andre grupper eller strukturar som arbeider for og med immateriell kulturarv. Vi trur at Departementet alt har nådd godt ut til eit breitt spekter av desse⁴, og kulturytringar det blir arbeidd med blir då representerte gjennom aktørane. Det vil knapt tena noko å gi ei opplisting her, dette spørsmålet ville passa godt inn i mandatet for utgreiinga vi har foreslått.

³ *Stortingsmelding 21 Samspill*.

⁴ Sjå td. Innbydingslista og deltakarlista til møtet Departementet arrangerte om saka.

- 2) Dei store nettverka vi har på feltet bør vurderer korleis dei vil laga meir detaljerte lister. Vi har, for vår del, svara delvis på dette spørsmålet ovanfor. Rammene i konvensjonen er tilstrekkelege som avgrensing. Ettersom vi ikkje trur på noko ferdig og fullstendig liste, men ei liste i stadig utvikling, ut frå kva brukarane ser ønskeleg og nødvendig, er det ikkje noko konkret svar på kva som **må** med. Vi seier ikkje at andre store nettverk bør laga same slaget lister som oss, eller at vi ikkje på lenger sikt kan gå inn i andre typar, meir samordna inventeringar. Vi ønskjer primært å koma raskt i gang på vårt felt.

4. Kva detaljeringsnivå bør eit slikt oversyn vera på?

I svaret på spørsmål 3 har vi svara ut frå 2 nivå, og svaret på dette spørsmålet er i hovudsak alt gitt ovanfor. Oversynet til styresmaktene (1) treng knapt meir enn hovudsjangrar innafør kvart felt, knytt til dei organiserte aktørane si verksemd.

Listene vi foreslår som punkt 2 treng ikkje noko bestemt detaljeringsnivå. Om ein folkemusikk- og eller folkedansentusiast vil få den lokale kulturskulen til å oppdaga lokal kulturarv, så må kanskje kvar slått, kvar dans og kvar song som er brukt i bygda spesifiserast i lista. I ei rik tradisjonsbygd der slåttespelet står sterkt, er det kanskje nok å føre opp slåttespelet som eitt moment i lista. Så kan ein gi tilvising til storleiken på materialet og andre bakgrunnsopplysingar slik det er plass til på eitt kort. Hovudsaka er likevel at brukarane vil og bør ha eit avgjerande ord med i laget, og då blir ikkje listene sterkt systematiske.

Vi takkar Departementet for godt arbeid så langt, og vonar at arbeidet no kan skyta fart og få den naudsynte inspirasjonen gjennom at det blir gjort til ein reeell del av Kulturløftet.

Med helsing

(sign.)
Lene Furuli
Rådet for folkemusikk og folkedans



Egil Bakka

Norsk senter for folkemusikk og folkedans